



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Christian Johan Alstad, 5557 2112

Vår dato  
26.09.2018  
Dykkar dato  
31.08.2018

Vår referanse  
2018/10836 421.3  
Dykkar referanse

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 Rosendal

### **Uttale til planprogram for temaplan for regionsenteret Husnes 2018**

Vi viser til e-post av 31.09.2018, dykkar ref. 2015/1941, med uttalefrist 28.09.2018.

Saka gjeld høyring av planprogrammet for temaplan for regionsenteret Husnes 2018.

#### Vurdering

Fylkesmannen er positiv til at Kvinnherad kommune er i prosess med å utarbeide ein temaplan for Husnes regionsenter. Føremålet med planarbeidet, og dei valde plantema for utgreiing i planprogrammet, samsvarar med dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging og dei statlege planretningslinene for samordna bustad- areal- og transportplanlegging. For å styrke regionsentera er det viktig at kommunen har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk og legg til rette for etablering av både bustader, arbeidsplassar, handel og servicefunksjonar i sentrum. Kompakt tettstadsutvikling vil bidra til auka aktivitet i sentrum, samtidig som korte avstandar mellom bustad og daglege gjeremål gjer kvardagen enklare. God tilrettelegging for gåande vil også gje auka aktivitet i sentrum.

Husnes vart utnemnd til regionsenter for regionen Kvinnherad i regional plan for attraktive senter i Hordaland av 2014. Den regionale planen tar tak i korleis kommunane kan legge til rette for berekraftig senterutvikling. Vi vil difor oppmøde om å gå i nær dialog med Hordaland fylkeskommune, og å nytte den regionale planen aktivt, i den vidare planprosessen.

Husnes regionsenter er ikkje avgrensa i planprogrammet. Dersom ein tek utgangspunkt i avsett arealføremål for sentrumsområde i arealdelen til kommuneplanen, bør det gå klart fram. For å skape balanse mellom regionsentera i fylket må ein ved utvikling av det einskilde senter ta omsyn til den rolla sentera spelar i senterhierarkiet. I planomtalen til arealdelen til kommuneplanen kap. 7.2 er det lista opp aktuelle lokalsentera og nærsentera. Då Husnes skal vere regionsenter for heile kommunen, rår vi til å utvide avsnittet om «omland og reisetid til og frå regionsenteret» på side 6 i planprogrammet til å omfatte heile Kvinnherad.

Til utgreiingstema «kommunikasjonar» rår vi til å definere viktige målpunkt, og få dei til å vere attraktive, trygge og universelt utforma. Kommunen må syte for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skadde. Det vil vere naturleg å samarbeide nært med statlege og regionale styresmakter om dette. Organisasjonen Trygg

trafikk har òg eit samfunnsoppdrag med å fremje trafikktryggleik, og vi veit at andre kommunar i fylket har hatt god nytte av dialog med dei i planarbeid som dette.

Når det gjeld utgreiingstema «bustadbygging» vil vi presisere at store delar av Husnes er sett av til sentrumsføremål som inkluderer bustadbygging i kommuneplanen. Utfordringa for framtidige bustadetableringar vil vere å få dei lokalisert til sentrum av Husnes, hindre sentrumsspreiing, og unngå at fortetting skjer andre stader enn der den er ønska. Plan- og bygningsmyndigheita har her eit stort ansvar for å få dette til, og vere tru mot dei allereie vedtekne overodna arealplanane.

Barn og unge, natur og friluftsliv er alle viktige nasjonale omsyn som bør vurderast nærmare i utgreiingstemaet «arkitektur og urbane kvalitetar». Kvinnherad har allereie gjort barnetråkkundersøkingar og kartlagt verdsette friluftsområde. Desse utgreiingane bør inngå som ein del av kunnskapsgrunnlaget for temaplanen.

Temaplanar vert utarbeidd for å konkretisere oppfølginga av kommuneplanen eller andre særskilde planbehov i kommunen. Temaplanar kan følgje alle, eller delar av, prosessreglene i plan- og bygningslova dersom kommunen finn det tenleg. Etter det vi forstår vil temaplanen vere ein samfunnsplan, utan juridiske kart eller føresegner. I så fall vil reglane om konsekvensutgreiing gjere seg gjeldande. Vi rår til at det vidare planarbeidet syner ei tydelegare forankring i plan- og bygningslova.

Vi ønskjer lykke til vidare med fastsetting av planprogram og utforming av temaplan.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
avdelingsdirektør

Christian Johan Alstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen